



Øystein Gjerde
Oterhaugane 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1634 - 16/14707

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
01.06.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 188/566 Gjervik Ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.05.2016.

Mottakskontroll

Grad av utnytting skal framgå på klar og entydig måte av reguleringsplankartet eller føresegna i byggeområder. Dersom ein plan er blitt til utan at det er fastsett grad av utnytting, så er det ingen reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Ein slik plan vil i mange tilfelle vere heilt eller delvis ugyldig, og kan ikkje nyttast som grunnlag for utbygging. Øvrige verknadar av planen som til dømes byggegrenser og frisktsoner vil framleis kunne gjelde. Der enkelte bygningar innanfor bygningsområder er synt på plankart med eksakt plassering og storleik så må det sjåast på som å tilfredstille krav om grad av utnytting.

Felt E Såta manglar tallfesta grav av utnytting for dykkar eigedom. Bygningsplassering (omriss av planlagt bygg) er dog synt på plankartet. Omsøkte tilbygget er plassert utanfor omrisset for bygningsplassering og krev derfor dispensasjon frå reguleringsplanen.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for plassering av tilbygg utanfor omriss for bygningsplassering på plankartet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka saka vert arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Benjamin Hicks
Rådgjevar

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øystein Gjerde

Oterhaugane 2

5914

ISDALSTØ